

# ETTERTANKE OG BØN

17. MARS 2020

Herre Jesus! Du og Far er eitt, og du vil at me som trur på deg skal vera eitt på same måten, ja, du bad Far om det måtte vera slik. Men så langt har det ikkje blitt slik. Så langt i frå. Me er splitta opp i mange fraksjonar, og me kan ikkje på nokon måte seia at me elsker kvarandre. Men me trur at bøna di ein gong skal bli svara på, og ønskje ditt oppfylt, og me vil i dag vera saman med deg å be om dette: Far, gje einskap i din familie slik at verda kan tru at Jesus er Guds son, og ved trua ha liv i hans namn. Amen!

## Mallah i India




Storleik: 3,2 millionar. Språk Hindi. Religion: Hinduisme.

Mallah er heimehøyrane på den store Gangessletta, i dei minst nådde områda i India. Her er det åndeleg sett bekmørkt. Dei er eit båtfolk som fraktar pilgrimar opp og ned Gangesfloden og opp og ned alle sideelvane, og er stolte over å vera i posisjon til å ha denne tenesta. Dei er ein fattig gjeng, av låg kaste og i stor grad analfabetar. Mallah gifter seg utelukkande innafor sin eigen kaste.

**Kjære Jesus! Mallahfolket er til dei grader i ditt hjarta og din tanke, og me ber i ditt namn om at det skal rettast ein misjonsoffensiv mot dette folket no, det MÅ jo snart**

vera deira tur å kunna motta frelse. Må ordet ditt nå fram til dei og det sterke og gode lyset ditt fløyma over dei og skapa liv, friedom og evig glede i desse fattige menneska. Me ber også om at det skal etablerast skular mellom dei slik at barna kan læra seg å lesa og skriva og få den kunnskapen som kan løfta folket sosialt og kulturelt. Herre, miskunna deg over mallahfolket i ditt eige namn! Amen!



## Kyrkje øydelagt og kristne arrestert i Karnatake, India



Denne hendinga fann stad 9.mars etter massivt trykk frå hinduekstreme. Lokalt politi i Chelur sørga for at ei kyrkje i byen vart riven ned. Dei skulda på at kyrkjelyden mangla nokre papir på kyrkja si, noko som ikkje stemde. Pastoren og fleire medlemmer av kyrkja vart arresterte og sit framleis i varetekt.

**Gode Gud og Far! Me ber i Jesu namn om at denne saka må løysa seg raskt, at desse mennene skal få fridomen sin attende, at styresmaktene skal måtta betala full erstatning for den nedrivne kyrkja slik at ho kan byggjast opp att. Hald motet og trua oppe hos dei kristne, og me ber om at forfølginga skal styrka dei og gjera dei enno meir dedikerte i sin kristendom. Me ber om velsigning og frelse for forfølgjarane. Amen!**

## Brasil



Landet har 212 millionar innbyggjarar fordelt på 310 folkegrupper som snakkar 193 ulike språk. Hovudspråket er portugisisk. 91,4% av befolkninga er kristne. 26% evangeliske. Resten romersk katolske.

I Brasil er det ein enorm avstand mellom fattige og rike.

**Be om ei kristen vekking mellom dei rike og privilegerte i samfunnet slik at desse tek ansvar for at dei fattige får betre kår, og at barna i slummen får forsvarleg skulegang.**

Tredjeparten av innbyggjarane i Sao Paulo og Rio de Janeiro lever i favelaer, lutfattige slumområder prega av kriminalitet, mafiaverksemnd og rus.

**Be om at Jesus skal demonstrera sin stordom i desse områda, senda inn modige og kloke vitner som kan planta levande og kraftfulle kyrkjelydar der. Be om at favelaene skal bli fylte av levande kristne som pregar desse samfunna med Kristi kjærleik og Andens kraft, slik at folka der blir frelst frå sine synder, løyst frå djevelens makt og løfta opp sosialt, politisk og kulturelt.**

Brasil har 8 millionar barn som lever i risikozonen, 7 millionar barnearbeidarar og 600 000 jenter som lever i prostitusjon. Millionvis av barn lever på gata i det djupaste elende

**Be om at Gud i Jesu namn skal setja ein stoppar for all vondsinna utnytting av barn, og at han skal verna dei barna som er i faresonen for å bli utnyttta, hamna på gata eller i prostitusjon.**

Mange kyrkjer tek no tak i denne naud og gjev barn utdanning og eit fundament å byggja liva sine på.

**Be om at dei må lukkast i dette arbeidet og sakte men sikkert skapa trygge gode tilhøve for alle barn i Brasil.**

**Be om at det skal vedtakast effektive lover mot all utnytting av barn, og om at alle vaksne som utnyttar barn til eigen fordel skal bli rettsforfølgde og straffa for ugjerningane sine.**

Brasil ligg på andre plass i verda når det gjeld misbruk av narkotika, det vert utført i gjennomsnitt 170 mord per dag. Korrupsjon føregår på alle nivå, fengsla er overbefolka og ekstremt valdelege.

**Be om at Gud for alvor skal bryta gjennom i dette samfunnet og spreia det tette mørket som er å finna over alt.**

**Jesus er verdas lys. Be om at hans lys skal stråla over landet og inn i menneskehjarto og gjera syndarar til disiplar.**

Menneska i Brasil er åndeleg vidopne. Dette har skapt stor kyrkjevekst for dei evangeliske, men mange brasilianarar har sukke langt ned i spiritismen si hengemyr.

**Takk Gud for massiv kyrkjevekst, og be om at det skal plantast nye kyrkjelydar over alt i dette enorme landet.**

**Be om at Jesus skal sigra over djevelen i folks liv, kalla dei til omvendning frå spiritisme og svartekunster, og løysa dei frå desse destruktive kreftene.**

Det er ein stor mangel på prestar, pastorar og kristne leiarar i det heile.

**Be Gud om at han må kalla unge menn til leiarskap i si kyrkje, og be om at dei skal få adekvat utdanning og opplæring slik at dei kan disippelgjera folka sine.**